



MØTEBOK ULLENSVANG FJELLSTYRE

Tidspunkt: Måndag 22. januar 2018 kl. 1745-2000

Stad: Heradshuset i Kinsarvik

Desse møtte: Steinar Langesæter, Ragnar Ystanes, Synnøva Sæbø, Guro Grønsnes Opedal (vara for Hildegunn Espe), Jørund Kvestad

Meldt forfall: Hildegunn Espe

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær)

Saker til styremøtet:

UFS 02/18: Meldingar

UFS 03/18: Referat frå møte 13. november 2017

UFS 04/18: Kontrakt med entreprenør for arbeid på traktorslepa Sandhaug-Hansbu

UFS 05/18: Møteplan 2018

UFS 06/18: Innkjøp solcellepanel på Raudåna og Naustet

UFS 07/18: Årsmelding 2016

UFS 08/18: Plan for vinteren, transportar, ved mm.

UFS 09/18: Eventuelt

Saker til Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning:

FUS 03/18: Salsordning for fiskekort og småviltkort

FUS 04/18: Årsmelding 2016

FUS 05/18: Møteplan 2018

FUS 06/18: Prosess for evaluering av fredingssone i reinsjakta

FUS 07/18: Fakturering av fjelloppsynet sine kostnader for drift av Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning

Steinar Langesæter/s/ Jørund Kvestad/s/ Guro Grønsnes Opedal/s/

Ragnar Ystanes/s/

Synnøva Sæbø/s/

Kopi til:

Fjellstyremedlemmer

Varamedlemmer

Fjellstyra på Hardangervidda as

Norges Fjellstyresamband

Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog

Odda kommune

Ullensvang herad

Hardanger Folkeblad



UFS 02/18: Meldingar

Saksdokument:

- 2017.11.28-352.1.Ullevang fjellstyre-Søknad om midlar til restaurering av traktorslepa Nordmannslågen - Hansbu
- 2017.11.28-362.1.Skjold Beitelag-Tilbakemelding på utkast til avtale om bruksrett til uthus på Raudåna
- 2017.12.01-362.1.Statskog- Vedr. søknad om restaurering av steinbu i Mågehadlet
- 2017.12.05-621.2.Villreinutvalet-Resultat kalveteljing 2017
- 2017.12.05-621.2.Villreinutvalet-Resultat strukturteljing 2017
- 2017.12.05-621.2.Villreinutvalet-Sporlogg kalveteljing 2017
- 2017.12.05-612.8.Villreinutvalet-Kortanalyse 2017
- 2017.12.11-032.Ullevang herad-Framlegg til husleige 2018 for leige av kontor i heradshuset
- 2017.12.13-612.0.Johannes Aga og Arne O. Lutro-Innspel til evaluering av fredingssone
- 2017.12.20-032.Ullevang herad-Husleige 2017 for leige av kontor i heradshuset
- 2017.12.21-362.1.Ullevang fjellstyre-Byggesøknad do på Hansbu
- 2017.12.22-640.0.Eidfjord fjellstyre-Avtale om fiske i Eidfjord statsallm. sør for midtlina i Nordmannslågenvassdr. 2016-2019
- 2018.01.02-352.1.Ullevang herad-Løyve til utbetring av traktorslepa frå Hansbu til Rogdabrekko i Ullevang og Eidfjord statsallmenningar
- 2018.01.03-362.1.Ullevang fjellstyre-Utkast avtale om bruksrett uthus
- 2018.01.04-035.2 Notat Øverlandshytta
- 2018.01.04-612.0.Hardangervidda Villreinutval-Fredingssoner 2013-2017
- 2018.01.08-642.0-Ingrid Opedal-Søknad om løyve til fiske med garn i området rundt steinbua vår i Skålsbotnen
- 2018.01.09.-612.0. Ullevang fjellstyre-Fellingsrapport elg 2017
- 2018.01.11-372.2. Statskog -Dam Nibbehøl Miljø- og arealbruksplan
- 2018.01.12-011.3. FH as- Fakturering av fjelloppsynet sine kostnader til drift av Fellesstyret
- 2018.01.14-612.0.Odd Aga - Innspel til evaluering av fredingssone

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Styret tek meldingane til orientering.

Referat:

Orientering ved sekretær.

Vedtak (sak UFS 02/18):

Styret tek meldingane til orientering.



UFS 03/18: Referat frå møte 13. november 2017

Saksdokument:

- 02-18 Møtebok frå møte i Ullensvang fjellstyre 13. november 2017

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner referatet frå møtet 13. november 2017.

Referat:

Vedtak (sak UFS 03/18):

Styret godkjenner referatet frå møtet 13. november 2017.

Samrøystes.

UFS 04/18: Kontrakt med entreprenør for arbeid på traktorslepa Sandhaug-Hansbu

Saksdokument:

- 03-18 Fylkesmannen i Hordaland-Løyve til utbetring av traktorslepa
- 03-18 Ullensvang herad-Løyve til utbetring av traktorslepa
- 03-18 Hordaland fylkeskommune - Kulturhistoriske registreringar
- 03-10 Utkast kontrakt med entreprenør

Saksutgreiing:

Det må utarbeidast ein kontrakt med entreprenør for arbeid på traktorslepa Sandhaug-Hansbu. Eit utkast til kontrakt ligg vedlagt saka.

Framlegg til vedtak:

Styret vedtek framlegg til kontrakt. Sekretær får fullmakt til å inngå avtale med entreprenøren basert på kontrakten.

Referat:

Utkast til kontrakt blei gått gjennom. Det blei gjort nokre endringar. Det var semje i styret om at sekretær får fullmakt til å signere kontrakten på vegner av fjellstyret.

**Vedtak (sak UFS 04/18):**

Revidert kontrakt blir lagt fram for entreprenøren. Sekretær får fullmakt til å signere kontrakten på vegner av fjellstyret.

Samrøystes vedteke.

UFS 05/18: Møteplan 2018**Saksdokument:**

- 04-18 Framlegg til møteplan for Ullensvang fjellstyre i 2018

Saksutgreiing:

Framlegget til møteplan prøver å dekke dei sakene ein veit kjem, samtidig som det tek omsyn til tidsplanen til sekretæren (feltarbeid, ferie med meir). Det må lagast ein plan for alle tre fjellstyra, og vedtak i dei andre fjellstyra kan difor føre til endringar i tidspunkt for møte. Det vil bli forsøkt å legge opp til møte i Ullensvang fjellstyre og Odda fjellstyre i førekant av møte i Fellesstyret, slik at dei to fjellstyra kan ta opp sakene som skal handsamast i Fellesstyret. Møteplanen vil vera førande, og det kan bli endringar.

Framlegg til vedtak:

Styret vedtek framlegg til møteplan for Ullensvang fjellstyre i 2018.

Referat:

Framlegg til møteplan blei gått gjennom. Det blei gjort nokre justeringar.

Vedtak (sak UFS 05/18):

Styret vedtek justert møteplan 2018 (vedlegg til møteboka).

Samrøystes vedteke.



UFS 06/18: Innkjøp solcellepanel på Raudåna og Naustet

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Det er ikkje solcellepanel på fjellstyrehytta på Raudåna og naustet ved Nedsta Krokavatnet. Det hadde vore ei solid oppgradering av hyttene å få på plass solcelle.

Sakshandsamar har ikkje fått tid til å undersøke alternativ, men ser frå lenkene under at prisen for eit solcelleanlegg ligg på 9000-15000 inkl. mva.

https://www.hyttetorget.no/solcellepakke?gclid=EAiaIQobChMImp-7tsja2AIVzEMYCh3wrAOMEAAYAiAAEgKm9_D_BwE

<https://www.solcellespesialisten.no/solcelleanlegg/solcelleanlegg-til-hytter-med-solcellepanel-til-hytter.html>

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak

Referat:

Styret diskuterte om det burde kjøpast solcelleanlegg med integrert solventilator. Det blei vurdert til å vera aktuelt med solventilator, men at fjellstyret eventuelt kjøper separat anlegg for solventilator på eit seinare tidspunkt.

Steinar Langesæter kom med framlegg om at det blir kjøpt inn solcellepanel til hytta på Raudåna og naustet ved Nedsta Krokavatnet. Skjold Beitelag får tilbodet om å vera med på solcelleanlegget på Raudåna mot å ta 24/60-deler av innkjøpskostnadane. Sekretær og Ragnar Ystanes tek seg av innkjøp og montering av solcellepanel i dei to hyttene.

Vedtak (sak UFS 06/18):

Fjellstyret kjøper solcellepanel til hytta på Raudåna og naustet ved Nedsta Krokavatnet. Skjold Beitelag får tilbodet om å vera med på solcelleanlegget på Raudåna mot å ta 24/60-deler av innkjøpskostnadane. Sekretær og Ragnar Ystanes tek seg av innkjøp og montering av solcellepanel i dei to hyttene.

Samrøystes vedteke.



UFS 07/18: Årsmelding 2016

Saksdokument:

- 06-18 Utkast årsmelding 2016

Saksutgreiing:

Det blei ikkje utarbeida årsmelding for 2016 i fjor. Vedlagt er eit utkast til ei enkel årsmelding for 2016.

Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner årsmelding for 2016.

Referat:

Årsmeldinga blei gått gjennom. Styret slutta seg bak å godkjenne utkast til årsmelding 2016.

Vedtak (sak UFS 07/18):

Styret godkjenner årsmelding for 2016.

Samrøystes vedteke.

UFS 08/18: Plan for vinteren, transportar, ved mm.

Saksdokument:

Saksutgreiing:

På stengerunden i år blei det notert ned kor mykje ved og gass det var på hyttene, i tillegg til eventuelt andre ting som mangla.

Raudåna:

- Propan: 2 stk. 2/3-full. 2 fulle i uthus. 1 full i oppsynshytta
- Ved: 17 sekkar
- Sanitærveske: 1 kanne, kjøp evt. ei ekstra



- Manglar ein kaffikjele
- Kalk: Viss det skal brukast må det kjøpast
- Redningsvestar manglar (?)

Persbu:

- Ved: 5 sekkar (dårleg kvalitet på ein del av det)
- Propan: 1 full og ei halvfull i uthuset (11 kg)
- Nytt glas og lem teke inn, må monterast til vinteren
- Må ryddast i uthuset

Rogdabu:

- 2 sekkar ved
- 2 fulle propan (5 kg)
- Madrasser tekne ned til Ullsbu.

Ullsbu:

- 10 sekkar ved
- Propan:
 - o 3 tomme (2 stk. 11 kg og 1 stk. 5 kg)
 - o 3 fulle (2 stk. 11 kg og 1 stk. 10 kg)

Naustet (Nedsta Krokavatnet):

- Propan: 1 stk. $\frac{3}{4}$ full (11 kg)

Vallgarden:

- Båt og årer ok

Ambjørsvatn:

- Båt ok, ei åre knekt, nye årer må inn

Midtre Grøndalsvatn:

- Lavvo ok. Duk teke heim. Stenger og omn lagra inntil stein
- Båt og årer ok
- Ikkje ved att

**Framlegg til vedtak:**

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Aktuelle transportoppdrag og anna i løpet av vinteren blei gått gjennom.

Sekretær og Ragnar Ystanes lagar ei oversikt over behov for ved til dei ulike hyttene. Sekretær tek seg av innkjøp av ved.

Fjellopsynet tek med heim det dei klarar av bos frå hyttene, og noterer ned status i hyttene (ved, propan, eventuelle andre manglar) på brannverntilsyn-oppdrag i februar.

Ragnar Ystanes organiserer transport av material frå Raudåna til naustet ved Nedsta Krokavatnet og eventuell anna transport i samband med byggeprosjektet på naustet. Ragnar tek også ansvar for montering av solcellepanel, gjenstående arbeid på Raudåna og montering av nytt glas på Persbu.

Vedtak (sak UFS 08/18):

Styret vedtek ansvar for planlegging og gjennomføring av transportoppdrag som nemnd i referatet.

Samrøystes vedteke.

UFS 09/18: Eventuelt**Anbudsprosess ny do på Hansbu**

Bygging av ny do på Hansbu blei diskutert. Grunnarbeidet blei gjennomført sommaren 2017 med godkjenning frå Fylkesmannen. Det er sendt byggesøknad til heradet, og løyve er forventet i løpet av relativt kort tid. For at bygging av ny do skal kunne gjennomførast snarast mogleg ynskjer styret å setja i gong prosessen med anbudsrunde for heile byggeprosessen no. Dette med tanke på at material til grunnmur kan fraktast inn i vinter.

Steinar Langesæter kom med framlegg om at dei som blei invitert til å gi pris på naustet ved Nedsta Krokavatnet får tilbod om å gi pris på oppsetting av do på Hansbu. I tillegg til desse blir også andre aktuelle entreprenørar og fjellopsynet invitert til å gi pris. Ragnar Ystanes og sekretær tek seg av anbudsprosessen.

Samrøystes vedteke.



Saker til Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning:

Sakene til neste møte i Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning blei gått gjennom.

FUS 03/18: Salsordning for fiskekort og småviltkort

FUS 04/18: Årsmelding 2016

FUS 05/18: Møteplan 2018

FUS 06/18: Prosess for evaluering av fredingssonene i reinsjakta

FUS 07/18: Fakturering av fjelloppsynet sine kostnader for drift av Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning